

August Fiddan

Bilde og tekst er hentet med tillatelse fra Løten Historielag. Biografien er skrevet av Olav Horverak i 1992 og gjengitt i Lautin, Lokalhistorisk Årbok.



Den 12. desember 1974 var det kommunal festtilstelning på Tingberg. Pensjonert skolestyrar August Fiddan fekk Kongens fortjenestemedalje i sølv for trufast teneste i skole og samfunn.

På bildet frå venstre: Aage Fiddan, Johanne Fiddan, ordfører Leif Hjelsengsveen, August Fiddan og Inga Vassåsen.

August Fiddan vart fødd 29. august 1887 på garden Fiddan i Konsmo herad i Audnedal. Faren var lærar, men dreiv gardsbruk ved sida av læraryrket. Dei hadde 12 - 15 kyr, så den vart rekna for en heller stor gard. Til garden høyrde også 1300 mål skog og utmark. Vinteren 1902-03 gjekk han amtskolen på Rudjord. Der hadde han Berthe Enger frå Løten som lærarinne - hans første møte med Løten. Han gjekk også amtskolen 1905-06. Etter dette følgde lærarskole på Notodden 1906-09. Etter avsluttande eksamen, vart det arbeid heime på garden sumaren 1909. Han sende 15-20 søknader på lærarposter, det var vanskeleg å få post den gongen. I september vart han tilsett i Grønland, Nesvoldberget og Flermoen skulekrinsar i Trysil, og eit langt arbeidsliv i skulen tok til. I 1911 vart det forloving med bygdejenta Johanne Flermoen, datter til handelsmann og bonde Halvor Jensen Flermoen.

Dei gifte seg i 1913, fekk ialt 8 born og hadde eit langt og lukkelig samliv. I 1917 vart August Fiddan tilsett ved Oset fire-delte skule i Løten, og i 1921 kom han til Østvang skule. Her var han skulestyrar heilt til han gjekk av for aldersgrensa i 1957, 70 år gamal. Fiddan opplevde ei rik tid i Løten og sette spor etter seg på mange område. Han vart ein avhalden lærar som kom vel overeins med folk i krinsen. Skulehagearbeid vart ei av hjertesakene hans. Han heldt mange foredrag og festtalar, men best kjend vart han vel for alle andaktane han heldt ved bårane som vart tekne ut av heimane.

Fiddan hadde sterk utferdstrong. Han var på studieturar både til Danmark, Sverige og Finland. På sine gamle dagar var han også til Amerika der to av sønene busette seg. Han tok og del i lokalpolitikken og var med i kommunestyret 1932-35 og 1946-47. Han var også med i Løten menighetsråd der han var formann 1951-57. I Løten lærarlag var han formann og lærartillitsmann i skulestyret.

Om sine haldepunkt i livet skriv Fiddan: *"Det har vore godt å ha ankerfeste i kristendomen. Tilgjeving er eit av grunndraga i kristendomen. Vi treng også Guds hjelp til å styre oss gjennom vanskane i livet. Kristendomen er både kraftkjelde og vegleiar"*. Ved gravtalar nytta han ofte sitatet: *"Mange skal hentes straks, andre skal modnes til aks"*. Sjølv vart han eit tungt, fullmoge aks som gav rike fold. Han gjekk bort i mai 1979, og vi ærar og hugsar hans minne i takk og vørndnad.